

Sak til samarbeidsutvala

Går til: Medlemmane i Samarbeidsrådet
Dato: 9. desember 2021
Sakshandsamar: Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld: Årleg gjennomgang av avtaleverket
Saksnummer: 51/21

Bakgrunn

Som eit ledd i gjennomføringa av samhandlingsreforma vart det lovpålagt å inngå lokale samarbeidsavtalar mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Føremålet med samarbeidsavtalane er å konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom kommunar og helseføretaket, og å etablere gode arenaer og rutinar på sentrale samhandlingsområde. Avtalane skal medverka til at pasientar og brukarar får eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester.

I tråd med overordna samarbeidsavtale (pkt. 12) er partane samde om å gjennomgå dei inngåtte samarbeidsavtalane innan desember kvart år med sikte på naudsynte oppdateringar eller utvidingar. Resultatet av gjennomgangen skal leggjast fram for Toppleiarmøtet, og ein eventuelt endra avtale skal handsamast i tråd med Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 6-1.

MALEN

Samarbeidssekretariatet (SSE) har gjennomført ei vurdering av gjeldande samarbeidsavtalar med utgangspunkt i mal for årleg gjennomgang av avtaleverket, vedteke av samarbeidsutvala i 2015:

1. Er det kome krav om revisjon?
2. Er det nasjonale og lokale føringar som utløyser revisjonsbehov?
3. Er det samarbeidsavtalar som må fornyast?

I malen var det også lagt opp til at behovet for revisjon skulle vurderast opp mot eventuelle systematiske samhandlingsavvik. SSE tilrår at denne vurderinga skjer i samband med at oversikta over samhandlingsavvik ev. vert lagt fram som ei eiga sak for samarbeidsutvala i 2021.

Vurderingar i 2021

1. Er det kome krav om revisjon i 2021?

SSE har hatt ein gjennomgang av saksgrunnlag og referat frå samarbeidsutvala sine møter i 2021 for å identifisere om der føreligg eventuelle krav om revisjon.

- a) SSE har ikkje funne at samarbeidsutvala har komme med krav om revisjon i 2021.
- b) Det pågår for tida eit arbeid med å etablere helsefelleskap og utarbeide forslag til samhandlingstruktur og samarbeidsformer. Dagens samhandlingsstruktur er regulert gjennom overordna samarbeidsavtale pkt. 6. Framlegg om endringar i samhandlingsstrukturen må følgjast opp med ein revisjon av denne avtalen. DEN OVERORDNA AVTALEN

Det er til no i arbeidet ikkje vurdert om etablering av helsefelleskap utløyser trong for

revisjon av andre samarbeidsavtalar.

2. Er det nasjonale og lokale føringar som utløyser revisjonsbehov?

SSE har gjort ei grovvurdering av konsekvensar av nasjonale og lokale føringar for dei inngåtte samarbeidsavtalane.

- c) Det er innført to nye krav til kva dei lovpålagte avtalene mellom kommunane og spesialisthelsetenesta skal innehalde (jf. helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd):
 - i. «konkret beskrivelse av hvordan partene sammen skal utvikle og planlegge tjenestene» (punkt 12 i helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd)
 - ii. «samarbeid om ytelse av helse- og omsorgstjenester til barn og unge med sammensatte vansker og lidelser, og som derfor mottar tjenester fra begge forvaltningsnivåene» (punkt 13 i helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd)
- d) Helsedirektoratet har starta eit arbeid med å revidere rettleiaren for dei lovpålagde samarbeidsavtalane mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Kommunane og spesialisthelsetenesta er inviterte til å kome med innspel. Det er for tidleg i prosessen å gje ei vurdering av om det kjem føringar i den nye rettleiaren som tilseier trong for å revisjon av det lokale avtaleverket. T.d. om det skal vere éin samarbeidsavtale, eller om partnarane kan velje å operasjonalisere lovkrava i helse- og omsorgstenestelova § 6-2 gjennom fleire avtalar slik ein har det i dag.

3. Er det samarbeidsavtalar som må fornyast?

SSE har hatt ein gjennomgang av avtaleverket med sikte på å identifisere eventuelle avtalar som går ut på dato og må fornyast.

- a) SSE meiner partnarane bør vente med å gjere ei vurdering på kva avtalar som må fornyast til 1) arbeidet med å etablere helsefellesskapet er slutført og 2) det føreligg ein ny rettleiar for dei lovpålagte samarbeidsavtalane mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Tilråding frå samarbeidssekretariatet (SSE):

1. *Etablering av helsefellesskap* i Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sjukehus sitt føretaksområde utløyser trong for revisjon av den overordna samarbeidsavtalen. Arbeidsgruppa for etablering av helsefellesskapet vil legge fram si tilråding om prosess for denne revisjonen.
2. Partane må vere budd på å starte opp avtaleprosessar i 2022 knytt til lovendingar med to nye krav til kva samarbeidsavtalane mellom kommunane og spesialisthelsetenesta skal innehalde. SSE tilrår at prosessane for avtalearbeidet knytt til dei nye lovkrava vert handsama når helsefellesskapet er etablert.
3. SSE meiner partnarane bør vente med å gjere ei vurdering når det gjeld kva avtalar som må fornyast til 1) arbeidet med å etablere helsefellesskapet er slutført og 2) det føreligg ein ny rettleiar for dei lovpålagte samarbeidsavtalane mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

4. SSE viser ellers til det pågående arbeidet med å revidere tenesteavtale 10, det planlagde arbeidet med å revidere tenesteavtale 8 og arbeidet med å utarbeide lokale særavtaler til tenesteavtale 11. Dette arbeidet er foreslått videreført til felles handlingsplan for 2022.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsrådet sluttar seg til samarbeidssekretariatet si tilråding i saka.